



norge

building global friendship

CISV utdanner og inspirerer til handling for ei meir rettferdig og fredeleg verd. Organisasjonen er religiøst og politisk uavhengig.

CISV er ein organisasjon som forandrar seg frå år til år, og handlar om meir enn å skape internasjonale venskap. Deltakarane og leiarane blir oppfordra til å tenke sjølve, til å skape si eiga oppleving, og til å finne nye og betre løysingar på gamle problemstillingar. CISV handlar om å inspirere til å gjere ein forskjell, både lokalt og internasjonalt.

CISV driv fredsutdanning gjennom fire ulike tema: Mangfald, menneskerettar, konflikt og konfliktløysing, og berekraftig utvikling. I år er det ekstra fokus på det siste temaet, og alle leirane verda over har aktivitetar som lærer deltakarane meir om kva det vil seie å skape berekraftige alternativ og korleis me alle kan bidra i vår eigen kvardag.

CISV Sunnhordland har sidan 1984 gitt over 600 ungdommar frå regionen moglegheita til å oppleve internasjonale opplevingar.

Lokallaget har arrangert tolv internasjonale leirar og vore vertskap for over 600 internasjonale deltakarar.

Ønskjer du å vite meir om CISV, sjå www.cisv.no

Design: SYDVEST



Internasjonal leir for 12. gong

CISV Sunnhordland er vertskap for ein internasjonal barneleir i juli månad. Barneleir er det største programmet til CISV og har som mål å undervise 11-åringar frå heile verda om ulike tema. I år har me særskilt fokus på berekraftig utvikling. Me tek opp tema som økologisk bevaring, berekraftig fred, og korleis me sjølve kan vere med å bidra til varige løysingar.

Leiren vår her på Stord heiter Vadadadava Jadavadadavadaja. Her er me samla 11 delegasjonar frå Brasil, Costa Rica, Danmark,

Frankrike, Guatemala, Indonesia, Italia, Noreg, Portugal, Sverige og USA, samt juniorleiarar frå Spania, Canada, Portugal, Noreg og Colombia. Kvar dag deltek me i aktivitetar og pedagogiske leikar som skal bidra til å skape varige venskap og ei større forståing for verdssamfunnet. CISV har som mål at barna skal dra frå leiren med eit meir ope sinn, vere kulturelt medvitne og ha respekt for andre.

I tillegg til eit mangfald av ulike leikar, har me noko me kallar

«national night». Her får kvar delegasjon presentere landet dei kjem frå, sin kultur og livet heime. Me viser bilete, lærer vekk ord og songar, har med små suvenirar og smakebitar av snop eller mat. Gjennom leiren får me ei reise til alle dei landa som er representerte her hos oss, og me lærer mykje om korleis det er å bu i ulike land.

I løpet av leiren skal me også bli meir kjent med Stord, gjennom ulike utflyktar og opphald i vertsfamiliar. Noreg er ein ny og ukjent stad for dei fleste av oss, og

me er veldig glade for å få lære meir om vertsnasjonen.

Me trivst veldig godt på leiren og håpar at mange vil komme innom og helse på oss når me inviterer til open dag!

Emily
Delegasjonsleiar frå USA

Fantastiske bidrag

CISV Sunnhordland er basert på dugnad og frivillige. Me er utruleg takksame for at me har så mange bidrag frå flotte sponsorar som gjer arbeidet vårt mogleg. Ein ekstra takk til alle dei frivillige som stiller opp på kjøkken, nattevakter og hjelper til med stort og smått.

Sparebanken Vest
Sparebank 1
ABB
Bladet Sunnhordland
Kværner Stord
Grovs Grasklipp
Akvator
Engevik og Tislevoll
Apply Leirvik
Rema 1000 Heiane
Kiwi Studalen
Bremnes Seashore
Leirvik Dampbakeri
Førland gard
SIM



Tenk globalt, engasjer deg lokalt!

CISV engasjerer seg gjennom heile året. Det siste året har laget hatt to prosjekt som begge er med på å skape integrering i kommunen.

CISV Sunnhordland arrangerer ikkje berre leirar og deltek med delegasjonar. Mykje av arbeidet handlar også om å bidra i lokalsamfunnet. Målet i CISV å bruke det ein har lært på internasjonale aktivitetar til å gjere ein forskjell heime. CISV Sunnhordland engasjerer seg mellom anna for dei som er nye eller bur midlertidig her på Stord. Når ein er van med å bli tatt godt imot ute i verda, blir det sjølv sagt å ønske velkomen dei som kjem hit.

Gjennom prosjektet Verda på Stord arrangerer CISV Sunnhordland månadlege samlingar for både små og store, med fokus på inkludering og integrering. Sidan 2013 har det vore arrangert aktivitetar for ungdommar i alderen 10-16 år. I år er det også starta eit tilbod kalla

Søndagsmoro, der barnefamiljar og andre er inviterte til å vere med på ulike turar og aktivitetar.

Verda på Stord er ein del av Mosaikk, det lokale arbeidet i CISV. Målet med prosjektet er å skape venskap og forståing, og å samarbeide med andre likesinna organisasjonar. I løpet av vøren har CISV mellom anna samarbeida med Stord kunstlag, Bygdekvinnelaget og Spinae Company. Ideen er at saman står ein sterkare for å skape eit meir inkluderande og ope lokalmiljø.

Prosjektet er støtta av både Stord kommune, UDI og Integrerings- og mangfoldsdirektoratet, og har blitt eit fast tilbod gjennom heile året med godt oppmøte.



Stor stening i Borgartøget på 17. mai.



Ein søndag i månaden er det søndagstur, slik stordabuen gjer.



Mange og varierte aktivitetar på Verda på Stord-prosjektet.

Spente sunnhordlendingar



Heile 23 born, ungdom og vaksne deltek i år frå Sunnhordland ut på ulike leirar. Dei fleste er frå Stord, men i år har laget også deltakarar frå Austevoll, Strandebarm, Øystese og Skjold.

Ein rekordstord gjeng deltek i år på ulike leirar i CISV. Reisemåla er Nederland, Finland, Italia, El Salvador og Hedmark.

– Kor du reiser betyr eigentleg ikkje så mykje, seier Amalie Sydnes (16), som tidlegare har delteke på leir både i Mexico og Buskerud. –Det er innhaldet som er viktigast, og det er veldig likt frå leir til leir. I år skal ho til El Salvador som juniorleiar og reiser for første gong heilt aleine. – Akkurat det er litt skummelt, tidlegare har eg vore i delegasjon med andre på same

alder pluss ein leiar, så dette er litt annleis. Eg trur likevel det skal gå bra å fly aleine, og så gler eg meg jo veldig til leiren.

REKORDMANGE DELTAKARAR
– Dette året er litt spesielt, me har i alt 23 born og vaksne som deltek på leir gjennom CISV Sunnhordland. Til vanleg har me ikkje like mange deltakarar som i år. Me prøver å starte eit lokallag i Haranger, difor har me ein delegasjon derifrå også, fortel Andrea M. Gundersen frå CISV Sunnhordland. – Me har medlemmer frå

alle sunnhordlandskommunane, men dei siste åra har det vore flest frå Stord. Me ønskjer sjølv sagt alle velkomne, og gjerne endå fleire frå nabokommunane. CISV gir ein heilt unik måte å bli kjent med verda på.

Andrea legg til at søknadsfrist for å delta på neste års program er 1. desember, og at folk gjerne må ta kontakt allereie no om dei vil vite meir om innhald og program.

For meir informasjon kontakt sunnhordland@no.cisv.org.

VADADADAVA?

JADAVADADAVAJA!

Velkomen til Open Dag!

Velkomen til ei minnerik oppleving fredag 15. juli på Rommetveit skule.

Programmet startar klokka 16.00. Det blir kjekt program med innslag frå alle dei ulike deltakarlanda.

Det vert sal av vafler, saft og kaffi.

Ta med vener og familie for ein spanande ettermiddag.